

Saksbehandlar: Anja Angelskår Mjelde
Avdeling: Fylkesbiblioteket
Sak nr.: 12/3215-2

Endring i lov om folkebibliotek

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser positivt på justeringa i formålsparagrafen, der formidlingsansvaret og rolla folkebiblioteket har som møteplass og kulturarena blir tydeleggjort.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser positivt på at det framleis er krav om at det skal vere eit folkebibliotek i kvar kommune, og støttar endringa i § 5 om kompetanse, der høvet til dispensasjon frå utdanningskravet blir tatt bort.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar departementet sine endringsforlag i kapittel III om fylkeskommunen sine oppgåver og organisering på bibliotekområdet.

Vedlegg:

Forslag til endringer i lov 20. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Høringsnotat – Forslag til endringer i Lov om folkebibliotek

(http://www.regjeringen.no/pages/37376738/Horingsnotat_biblioteklov.pdf)

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag/bakgrunn

Kulturdepartementet har sendt på høyring forslag til endringar i Lov om folkebibliotek frå 1985. Forslaget er i hovudsak ei oppfølging av bibliotekmeldinga frå 2009 – St.meld. nr. 23 (2008-2009) *Bibliotek. Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid*. Endringsforslaga i loven er meint å legge til rette for gjennomføring av politikken som er lagt fram i bibliotekmeldinga.

I høringsnotatet blir desse punkta behandla:

- Harmonisering av lovføresegner for folkebibliotek og UH-bibliotek
- Justeringar i formålsparagrafen
- Organisering og drift av bibliotekenester
- Kompetansekravet i folkebibliotekloven § 5
- Fylkesbibliotek – folkebibliotekloven kap. III
- Lovtekniske endringar

Departementet legg vinn på at lovteksten skal kunne kjennast att, og gjer så små endringar i teksten som mogeleg. Alle føresegner av friviljug karakter blir fjerna, slik at det berre er pålagte oppgåver som står att i lovteksten. Formålsparagrafen blir endra for å synleggjere biblioteka sitt

formidlingsansvar, og rolla som møtestad og kulturarena. Det blir også foreslått å stramme inn kompetansekravet til biblioteksjefer, og kravet om at fylkeskommunen sitt ansvar for bibliotektenester skal vere organisert gjennom eit eige fylkesbibliotek blir tatt vekk.

2. Vurderingar

2.1 Justeringar i formålsparagrafen

Formålsparagrafen slik den står i dag peikar på det viktigaste elementa i biblioteka sitt samfunnsoppdrag: Sikre alle fri tilgang til informasjon, kunnskap og kultur. Departementet ynskjer å gjere endringar som framhevar biblioteka sitt formidlingsansvar og at møteplassfunksjonen – både fysisk og digitalt – kjem betre fram.

Vurdering:

Formålsparagrafen skal gi ei ramme for kva funksjonar folkebiblioteket skal fylle og korleis tenestene skal utførast. Det er positivt at departementet med forslaget presiserer at «aktiv formidling» er ein viktig del av folkebiblioteka sine oppgåver.

Det er også positivt at ein får fram funksjonen biblioteka har som møteplass. Dette gjeld både rolla som eit lågterskeltilbod, der biblioteket er ein sosial arena open for alle, utan krav til aktiv deltaking eller betaling, samt at biblioteket er ein offentleg arena for debatt, læring og kultur- og litteraturformidling. Dette er ei god tilpassing til verkelegheita slik den er i dag, og tydeleggjer nokre av dei viktigaste funksjonane biblioteka har i lokalsamfunna.

2.2 Organisering og drift av bibliotektenester

I følgje lov om folkebibliotek § 4 skal alle kommunar ha eit folkebibliotek. I høyringsnotatet diskuterer departementet om dagens ordlyd opnar for tilstrekkeleg fleksibilitet for ulike samarbeidskonstellasjonar som kan legge til rette for gode, brukarvennlige løysningar. Departementet meiner det er viktig å leggje til rette for fleksible samarbeidsløysingar og alternative samarbeidsmodellar, men presiserer at kommunen ikkje kan organisere seg vekk frå at det er eit kommunalt ansvar å sørgje for at kommunen sine innbyggjarar får eit godt bibliotektilbod. Departementet meiner dagens lovtekst gir kommunen fridom til å organisere bibliotektenestene på mest mogleg hensiktsmessig måte.

Vurdering

Fylkesdirektøren meiner det er positivt at det i lova framleis blir slått fast at kvar kommune skal ha eit folkebibliotek, og er samd i at lova i tilstrekkeleg grad gir høve til å finne gode løysingar tilpassa behova i den enkelte kommune.

2.3 Kompetansekravet i folkebiblioteklova § 5

§ 5 i dagens biblioteklov fastlår at alle kommunar skal ha fagutdanna biblioteksjef, men med høve til å søkje dispensasjon frå kravet dersom ein ikkje får kvalifiserte søkjarar til biblioteksjefstillinga. Forskrift om personale i kommunale folkebibliotek definerer kva som meinast med fagutdanning og gir føresegnar for dispensasjon.

Alt i biblioteklova frå 1971 vart det fastsett kvalifikasjonskrav, og dette vart vidareført av gjeldande lov frå 1985. Frå 1985 til i dag har andelen kommunar med fagutdanna biblioteksjef auka frå 43 % til 71 %. Alle kommunane som manglar biblioteksjef med fagutdanning har under 5000 innbyggjarar.

Departementet framhevar at adekvat kompetanse er grunnleggjande for gode, framtidretta bibliotektenester. Personalet sin kompetanse er den viktigaste faktoren for å tilby ei kvalitetsmessig, forsvarleg bibliotekteneste. Spesielt vil dette vere viktig i små bibliotek med små stillingsressursar, der biblioteksjefen ofte er aleine om bibliotekdrifta.

På bakgrunn av dette går departementet inn for å oppretthalde krav om at biblioteksjefen skal ha fagutdanning, og at høvet til å søkje dispensasjon blir fjerna. Om det ved utlysing ikkje melder seg kvalifiserte søkjarar må kommunen finne alternative løysingar for å oppfylle kravet, t.d. gå inn i forpliktande interkommunale samarbeidsløysingar.

Departementet legg også fram eit alternativ 2, der ein fjernar kompetansekravet i lova, og i staden fastset funksjonskrav i forskrift. Eit funksjonskrav set krav til resultatet utan å angi korleis dette skal oppnåast. Departementet ser at denne løysinga kan legge til rette for større fleksibilitet i korleis den enkelte kommunen skal oppfylle formålsparagrafen, men meiner bibliotekfagleg kompetanse i folkebiblioteka er så grunnleggjande for å sikre gode bibliotektenester at dei ikkje vil tilrå denne løysinga.

Vurdering:

Drift av eit folkebibliotek er mangfaldig og krevjande, ikkje minst i den fleirkulturelle og digitale tida vi lever i. Det blir stilt store krav og forventningar til kva eit folkebibliotek skal vere og skal tilby; det skal gi tilgang til og formidle alle slags kulturuttrykk, som film, musikk og litteratur, det skal vere ein møteplass, ha kvalitetssikra digitale tenester, ha tilbod til fleirkulturelle, arrangere debattmøter og litteraturkveldar, tilby tenester til barnehagar og skular og ha tilbod til spesielle grupper som t.d. pasientar i institusjonar. I tillegg skal dei vere ein del av det nasjonale biblioteknettverket med dei forpliktingane det fører med seg, dei må samarbeide på tvers av kommunegrensar, og skal vere med på nasjonale og regionale satsingar. Mangfaldet av oppgåver viser kor viktig det er at folkebiblioteket blir leia av personar som har fagleg forståing av verksemda.

I Sogn og Fjordane har 13 av 26 biblioteksjefar godkjent fagutdanning. Dei resterande er tilsett på fast eller midlertidig dispensasjon. Dette er på same nivå som i 2000, sjølv om ein har hatt ein del utskiftingar av personalet sidan då. Som i resten av landet er det tilsett fagutdanna biblioteksjef i dei større kommunane. Men medan det på landsbasis er 5-7 % som bur i kommune utan fagutdanna biblioteksjef er tilsvarande tal for Sogn og Fjordane ca. 30 %.

I Sogn og Fjordane er det små kommunar og tilsvarande små folkebibliotek. Med små stillingsressursar betyr det ofte at biblioteksjefen har ansvar for heile eller store delar av bibliotekdrifta, og har få andre å støtte seg til i det daglege arbeidet. Desse biblioteka vil ha store utfordringar i møte med krav om omstilling, kompetanseutvikling og fornying av tenester for sine innbyggjarar.

Mange av dei som er tilsett som biblioteksjef utan bibliotekfagleg utdanning gjer ein svært god jobb. Fylkesdirektøren meiner at ein ved tilsetjingar framover må ha som ambisjon at den som vert tilsett har bibliotekfagleg bakgrunn. I dette ligg det forventningar til kompetanse innan samhandling, formidling, IKT, m.m. Sjølv om det kan vere vanskeleg å rekruttere til små kommunar, meiner vi det er her det er spesielt viktig å få rett kompetanse på plass. Om kommunen ikkje får kvalifiserte søkjarar i første omgang må ein finne alternative løysingar, som t.d. forpliktande interkommunalt samarbeid. Heile stillingar vil også vere lettare å få kvalifiserte søkjarar til enn små stillingsprosentar.

Fylkesdirektøren støttar at ein i lova held på kompetansekravet, tilpassa dagens utdanningssystem, og at ein fjernar den generelle dispensasjonsordninga.

2.4 Fylkesbibliotek – folkebibliotekloven kap. III

I § 2 i noverande folkebiblioteklov blir det slått fast at fylkeskommunen har ansvar for fylkesbibliotek, medan det i kapittel III blir lovfesta korleis fylkeskommunen skal organisere eit fylkesbibliotek og kva oppgåver det skal utføre.

I ulike utgreiingar og meldingar har det vore eit politisk siktemål å styrke fylkeskommunen som regional utviklingsaktør. Det er lagt opp til at ein i lovverket definerer oppgåver som skal løysast på fylkeskommunalt nivå, og ikkje kva institusjon som skal løyse dei.

For fylkesbiblioteka har oppgåvene dei seinare åra dreidd meir og meir mot rådgjeving, kompetanseutvikling, samordning og forsøks- og utviklingsarbeid. Det regionale leddet er også viktig for å få til ein god forankring av den statlege bibliotekpolitikken.

Det har vore eit mål for departementet å rydde i lovteksten, noko som bl.a. inneber at ein fjernar lovføresegner om friviljuge oppgåver som t.d. direkte utlån frå bokbåt/bokbuss. Departementet ynskjer også å fjerne føresegna som i dag pålegge to einingar innan same organisasjon å samarbeide. Også lovpålegget om å avtalefeste samarbeid mellom fylkesbiblioteket og dei statlege skulestyresmaktene i fylket blir fjerna.

Det er foreslått at det ikkje lenger skal vere krav om å ha eige fylkesbibliotek som organisatorisk eining, men at det skal vere eit lovkrav om kva bibliotekoppgåver fylket skal ivareta. Fylkeskommunen sine bibliotekoppgåver vert knytt til rettleiing og utvikling, samt regionale bibliotekoppgåver som t.d. lånesamarbeid og bokbuss/bokbåt. Det blir også presisert at for at fylkeskommunen skal kunne yte god, relevant rettleiing til kommunar, folkebibliotek og skulebibliotek skal fylkeskommunen ha bibliotekfagleg kompetanse på leiarnivå.

Vurdering:

Både i noverande lov og revisjonen som er foreslått blir det peika på at fylkeskommunen skal ha eit ansvar for å ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling.

Som mange andre fylkesbibliotek har Sogn og Fjordane fylkesbibliotek dei siste åra fokusert stadig meir på å vere ein regional utviklingsaktør. Det er blitt utarbeidd ein bibliotekplan for fylket der fylkesbiblioteket har sett opp mål og strategiar for å utvikle biblioteka slik at dei vil gi betre bibliotektenester til innbyggjarane i fylket. Fylkesbiblioteket er godt i gang med arbeid innan fleire av satsingsområda. For å nå dei oppsette måla er det også viktig å kople utviklingsarbeidet ved fylkesbiblioteket mot utviklingsarbeid i resten av fylkeskommunen og i kommunane.

Sogn og Fjordane har mange små kommunar, og fleire av dei har svært små bibliotekressursar. Mange kommunar manglar tilsette med bibliotekfagleg utdanning. I ein slik situasjon er eit sterkt fylkesbibliotek ein viktig støttespelar og kompetansesenter både for skule- og folkebibliotek. Å kunne vende seg til fylkesbiblioteket og nytte seg av fagkompetansen personalet der sit inne med er og har vore verdifullt for biblioteka i fylket.

Forutan råd og rettleiing er fylkesbiblioteket viktig for å arrangere kurs og andre kompetansehevande tiltak for bibliotekpersonalet. I tillegg kjem operative oppgåver den enkelte kommunen aleine ikkje er i stand til å ta på seg, der oppgåver må løysast på regionalt nivå. Eksempel på noverande regionale bibliotekoppgåver i fylket er t.d. felles søkeportal for alle bibliotekdatabasane, koordinering og organisering av felles transportordning, drift av bokbåt, kurs og kompetansehevande tiltak og utvikling av samarbeidsprosjekt mellom biblioteka.

Om ein skal oppfylle formålet i lova og realisere måla i bibliotekmeldinga er det viktig med eit sterk bibliotekfagleg miljø på fylkesnivå, med fagleg kompetent leiar og tilsette. Det er viktig at satsinga på bibliotekarbeid i fylkeskommunane blir oppretthalde.

3. Konklusjon

Folkebiblioteka har ei viktig rolle i dagens samfunn. Endringsforslaga til formålsparagrafen er ei god tilpassing til dagens verkelegheit og tydeleggjer nokre av dei viktigaste funksjonane bibliotek har i lokalsamfunna.

For å utnytte og utvikle den ressursen folkebiblioteket er, er det viktig å ha personale med god kompetanse med fagleg forståing av verksemda.

Endringane i kapittel III om fylkesbibliotek, gir fylkeskommunen høve til sjølv å bestemme kva som er den beste organisatoriske løysinga. Det blir så sett krav til kva bibliotekoppgåver fylket skal ivareta, der hovudpunkt er rettleiing og utvikling, samt regionale bibliotekoppgåver.